



JUBILANT: Songlaget Alvidt/Manger er tretti år i år.

Innhaldsrikt og ramsalt på korkafé

Det var fullt rundt
borda og stor stem-
ning då Songlaget
Alvidt/Manger laga
til Ramsalt korkafé
på Knarvik ung-
domssule

Innsendt av Karin Monstad

Koret hadde lagt opp til eit variert program, der dei musikalske innslaga handla om seilas og sjø, enten det var viser, pop eller meir klassisk korrepertoar. Dei skarpaste orda under heile kaféen fall nok då bestyrerinden på gamlehjemmet ville snakka til rette Johansen, han med den slitne gensen. Men han hadde vore ute ei stormnatt før!

Dette var eit arrangement under kystsogevekene, og som seg bør og når det er korkafé i fjordstrøka innanfor, var det både fisk og spekemat på menyen, med flatbrød, heimelaga potetsalat og eggerøre attåt. Ein

kjapp kviss vart det også tid til i matpausen, så no veit alle som var der, kor mykje «ei koka» er. Ragna og Signy hadde rive seg laus frå plommegrautkokinga og stavra seg inn på ungdomsskulen med rullatoren i første gir.

Dei hadde sitt å seia om ymse hendingar i tida, mellom anna kommunesamanslåinga, alt sett gjennom augene til to modne damer idnifrå Osterfjorden. Arne Høyland delte tankar frå naustet med oss og fortalde forvitneleg om kva havet og sjøen betydde for folk på våre trakter og korleis dei utnytta ressursane. Han song også om Havmannen, og inviterte koret med på ein av dei ferskaste visene sine, «Verdas lykkligaste land», som dirigenten for Alvidt/Manger, Tone Lise Moberg, har arrangert.

Songlaget Alvidt/Manger er tretti år i år og kunne avslutta kaféen med å ønska alle velkomne til jubileumsfesten som skal vera på Manger den 4. november.



GODT BESØK: Det var godt med folk på konserten.

MARINA med det du trenger for et godt opphold

- 15-20 båtplasser • dusj og toalett
- cafe • internett • drivstoff/vann/strøm
- godt humør!



FAB. NR 8

Det er på Fedje det skjer

E-post: tore@frugard.no - mobil: 99241000



følg oss på facebook: FabrikNr.8



Landbruksdagen
i Austrheim

LANDBRUKSDAGEN I ÅSTRHEIM

LAURDAG 07. OKTOBER 2017
KL. 10.00 - 15.30
I OG VED ÅSTRHEIMHALLEN

- EIT AV NORGES STØRSTE KÅRINGSSJÅ FOR VERLAM
DEKKJER ÅSTRHEIM, RADØY, LINDÅS OG MELAND
- KULTURINNSLAG V/ANNE HVIDSTEN
- ANNE HVIDSTEN PRESENTERER OGSÅ BØKENE "OPPDRAJG JULEGLEDER" OG "MORMOR MONSENS STRIKKEGLEDER"
- LÆR Å LAGE LAMMERULL, DEMO MAGNHILD DYRDAL
- HILLESVÅG ULLVAREFABRIKK
- UTSTILLING AV STORE OG SMÅ HUSDYR
- MANGE FLOTTE UTSTILLARAR AV M.A. MASKINER OG UTSTYR, GARDSMAT OG HUSFLIDPRODUKT.
- SAUEKLYPPING - DUESLEPP
- AKTIVITETAR FOR STORE OG SMÅ
- HESTERIDING, TRAKTORTRØING, LYKKEHJUL, TIPPEKONKURRANSE, LODDSAL, MJØLKESPANNHALDING, HESTESKOKASTING M.M.
- SAL AV SUPPE, GRILLMAT, HOTDOG OG VAFLAR
BETALING MED KONTANTAR ELLER VIPPS VED KJØP AV SUPPE/GRILL
- VER SNILL OG PARKER PÅ TILVISTE Plassar.
- GRATIS BUSS FRÅ PARKERINGA VED SENTERET TIL HALLEN.
- VELKOMMEN TIL EIN TRIVELEG DAG !**

ARRANGØRAR: ÅSTRHEIM LANDBRUKSKVINNELAG OG ÅSTRHEIM SAU OG GEIT
I SAMARBEID MED LINDÅS OG MELAND SAU OG GEIT OG RADØY SAU OG GEIT